


I mars - i svanenes måned

20.03.2011




*I mars, i svanenes måned  
når lys er nær står alle de  
store moer med høye,  
lyttende trær.*

*Slik innleier vår store poet Rolf Jacobsen sitt truleg einaste rimdikt. Det fell os  
i hu då vi såg svanebiletet som kursdeltakar Inger Hjønnevåg frå Utåker hadde  
teke under fotokurset til Ivar Langeland og Atle Helland i helga.*



Alt tyder på at dei 12 som var med hadde stort utbytte av dei kunnskapane som vart formidla av Langeland og Helland på 3 dagar.

Basen var for første gong vertshuset, som var veleigna til føremålet.



Men som dei plar gjera, tok lærarane med seg elevane ut og Bøkkerverkstaden på Rød var målet. Der venta mange særprega og inspirerande motiv.



Som ei understrekning av kunnskapane som har vorte formidla under kurset  
bringer vi her nokre døme - biletet teke av 4 av kursdeltakarane.  
Svanen som symde forbi Rød er allereie omtala.

Biletet frå inne i bokerverkstaden som er teke av Inger Bente  
Saghaug talar for seg.

Landskapsbiletet frå Rød er teke av Hans  
Gustav Mussland og det blå motivet av Beate Ullmann.  
Faktisk er det frå ein bekk i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen